



Innst. 140 S

(2016–2017)

Innstilling til Stortinget fra utenriks- og forsvarskomiteen

Prop. 23 S (2016–2017)

Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om Endringer i statsbudsjettet 2016 under Utenriks- departementet

Til Stortinget

1. Sammendrag

Under programområde 2 Utenriksforvaltning blir det gjort framlegg frå regjeringa om netto auke på 139 mill. kroner grunna meirbehov på 159 mill. kroner til FNs fredsbevarande operasjonar og eit netto mindrebehov på 20 mill. kroner til andre organisasjonar.

Under programområde 3 Internasjonal utviklingshjelp blir det gjort framlegg om omdisponeringar på til saman 662 mill. kroner. I hovudsak er omdisponeringane mogelege pga. mindre ODA-godkjende asyl- og flyktningutgifter i Noreg enn tidlegare rekna med. Dei ledige midla blir i hovudsak foreslått løyvde til humanitær hjelp til Syria og nabolanda, men og til andre tiltak m.a. i Afrika.

1.1 Programområde 2 Utenriksforvaltning

Kap. 116 Deltaking i internasjonale organisasjonar

POST 70 TILSKOT TIL INTERNASJONALE ORGANISASJONAR

Denne posten inneheld pliktige kontingentar til internasjonale organisasjonar Noreg er medlem i, og kontingentane blir utbetalt i ulike valutaer, men hovudsakeleg euro og dollar.

Det ligg an til eit tilleggsbehov på 159 mill. kroner til FNs fredsbevarande operasjonar. Dette skuldast overheng frå 2015, som er resultat av FNs treårige syklus for forhandlingar om bidragsskalaen.

Dette gjer at betalingskravet i 2016 er 120 pst. samanlikna med eit normalår. Meirforbruket er på totalt 171 mill. kroner, av dette blir 159 mill. kroner budsjetttert på kap. 116 post 70 og resterande 12 mill. kroner (ODA-delen/7 pst.) på kap. 170 post 78.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga på posten med 139 mill. kroner.

1.2 Programområde 3 Internasjonal utviklingshjelp

Det blir gjort framlegg om omdisponeringar på til saman 662 mill. kroner innanfor Utenriksdepartementet sin del av budsjettet for utvikling. Ledige midlar skuldast i hovudsak mindre behov til ODA-godkjende flyktningiltak i Noreg og til kjøp av konsulenttenester.

Det blir foreslått å auke løyvinga til naudhjelp og humanitær hjelp med 500 mill. kroner. Den auka løyvinga vil bli nytta til hjelp i Syria og nabolanda. Dei humanitære behova i Syria og nabolanda er framleis svært store. I Syria har meir enn 13,5 millionar menneske behov for humanitær hjelp og meir enn 6,5 millionar er internt fordrevne. Husly for vinteren, medisinsk hjelp og naudhjelp til kringsette område er dei mest prekære behova på kort og mellomlang sikt. For folk som er på flukt i Irak, er det særleg mat, vatn og husly for vinteren som er naudsynte strakstiltak.

1.3 Forslag til auka løyvingar

Kap. 150 Utviklingshjelp til Afrika

POST 78 REGIONLØYVING FOR AFRIKA, KAN OVERFØRST

Løyvinga blir foreslått auka med 50 mill. kroner til eit kraftlinjeprosjekt i Uganda og til stabiliseringsfond for Somalia.

Kap. 163 Nødhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar

POST 70 NAUDHJELP OG HUMANITÆR HJELP, KAN OVERFØRAST

Løyvinga blir foreslått auka med 500 mill. kroner.

Kap. 164 Fred, forsoning og demokratitiltak

POST 70 FRED, FORSONING OG DEMOKRATITILTAK, KAN OVERFØRAST

Løyvinga blir foreslått auka med 2 mill. kroner til raftoprisvinnar Yanar Mohammed sin organisasjon Organization of Women's Freedom in Iraq (OWFI).

Kap. 170 FN-organisasjonar m.m.

POST 76 FN OG GLOBALE UTFORDRINGAR M.M., KAN OVERFØRAST

Løyvinga blir foreslått auka med 15 mill. kroner til auka støtte til UNDPs tematiske fond for konflikt-førebygging og tidleg gjenoppbygging (Fredsbyggingsfondet).

POST 77 FNS AIDSPROGRAM (UNAIDS), KAN OVERFØRAST

Løyvinga blir foreslått auka med 20 mill. kroner for auka støtte til tiltak gjennom UNAIDS.

POST 78 BIDRAG ANDRE FN-ORGANISASJONAR M.M., KAN OVERFØRAST

Løyvinga blir foreslått auka med 24 mill. kroner.

Kap. 171 Multilaterale finansinstitusjonar

POST 72 STRATEGISK SAMARBEID MED MULTILATERALE UTVIKLINGSBANKAR OG FINANSINSTITUSJONAR, KAN OVERFØRAST

Løyvinga blir foreslått auka med 51 mill. kroner til nabolandsstøtte for Syria (Verdsbankens MENA Concessional Financing Facility), og støtte til Verdsbankens nye fleirgjevarfond for vatn.

1.4 Forslag til reduserte løyvingar

Kap. 165 Forsking, kompetanseheving og evaluering

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Løyvinga blir foreslått redusert med 10 mill. kroner pga. mindre behov enn tidlegare budsjett.

Kap. 167 Flyktningtiltak i Noreg, godkjende som utviklingshjelp (ODA)

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER

Etter OECD/DAC sine retningslinjer kan enkelte flyktningutgifter knytta til opphald for aysylsøklarar og flyktningar i Noreg det første året klassifiserast som offisiell utviklingshjelp (ODA). Nye overslag tilseier at dei ODA-godkjende utgiftene på bistandsbudsjettet ligg an til å bli 652 mill. kroner mindre enn tidlegare budsjett. Det blir i denne samanhengen vist til omtale av flyktningtiltaka i Noreg i proposisjonane til Justis- og beredskapsdepartementet, Barne og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga på posten (kap. 167 post 21) med til saman 652,047 mill. kroner.

2 Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Svein Roald Hansen, lederen Anniken Huitfeldt, Marit Nybakk, Kåre Simensen og Jonas Gahr Støre, fra Høyre, Elin Rodum Agdestein, Regina Alexandrova, Sylvi Graham, Øyvind Halleraker og Trond Helleland, fra Fremskrittspartiet, Tone Heimdal Brataas, Harald T. Nesvik og Christian Tybring-Gjedde, fra Kristelig Folkeparti, Knut Arild Hareide, fra Senterpartiet, Liv Signe Navarsete, fra Venstre, Trine Skei Grande, og fra Sosialistisk Venstreparti, Bård Vegar Solhjell, merker seg at det under programområde 2 Utenriksforvaltning blir gjort framlegg om netto økning på 139 mill. kroner grunnet merbehov på 159 mill. kroner til FN's fredsbevarende operasjoner og ett netto mindrebehov på 20 mill. kroner til andre organisasjoner. Merbehovet til FN's fredsbevarende operasjoner skyldes overheng fra 2015, som er resultat av FN's treårige syklus for forhandlinger om bidragsskalaen. Andre justeringer (netto -20 mill. kroner) skyldes i hovedsak endrede valutakurser målt mot norske kroner.

Komiteen merker seg at det under programområde 3 Internasjonal utviklingshjelp blir gjort framlegg om omdisponeringer på til sammen 662 mill. kroner. Omdisponeringene er hovedsakelig mulig pga. mindre ODA-godkjente asyl- og flyktningutgifter i Norge enn tidligere antatt.

Komiteen merker seg at det blir foreslått å øke bevilgningene til humanitær hjelp under kap. 163 med 500 mill. kroner, som vil bli brukt til hjelp i Sy-

ria og nabolandene, hvor de humanitære behovene fremdeles er svært store.

Komiteen merker seg at kap. 150 utviklingshjelp til Afrika blir økt med 50 mill. kroner til et kraftlinjeprojekt i Uganda og til stabiliseringsfond for Somalia.

Komiteen merker seg at kap. 164 fred, forsoning og demokratiltak blir foreslått økt med 2 mill. kroner til raftoprisvinner Yanar Mohammeds organisasjon Organization of Women's Freedom in Iraq (OWFI) til arbeidet for kvinner rammet av konflikt i Irak, med fokus på kvinner fra områder frigitt fra IS-IL.

Komiteen merker seg at kap. 170 FN-organisasjoner m.m. foreslås økt med 15 mill. kroner til økt støtte til UNDPs tematiske fond for konfliktforebygging og tidlig gjenoppbygging. UNAIDS foreslås økt med 20 mill. kroner.

Komiteen viser til utenriksministerens brev av 25. november 2016 til Stortingets presidentskap der det gjøres oppmerksom på at riktig tekst under kap. 170 FN-organisasjoner m.m., post 76 FN og globale utfordringer m.m. skal være «Løyvinga blir foreslått auka med 15 mill. kroner til auka støtte til FNs Fredsbyggingsfond (UN Peacebuilding Fund)».

Komiteen merker seg videre at kap. 171 multilaterale finansinstitusjoner øker med 51 mill. kroner til nabolandsstøtte for Syria og støtte til Verdensbankens nye flergiverfond for vann.

Komiteen viser til at FNs kontor for humanitære spørsmål (OCHA) løpende oppdaterer finansieringsbehovet for FNs ulike appeller om humanitær bistand. Komiteen viser til at de største nødhjelpsappellene for 2017 gjelder regionen rundt Syria, herunder Libanon og Jordan (4,5 mrd. US dollar), Syria (3,2 mrd. US dollar), Etiopia (1,6 mrd. US dollar), Jemen (1,6 mrd. US dollar) Sør-Sudan (1,3 mrd. US dollar). Dernest følger appeller på tett oppunder 1 mrd. dollar for bl.a. Sudan, Somalia og regionen rundt Sør-Sudan. Mer enn halvparten av nødhjelpsappellene gjelder land i Afrika sør for Sahara. Komiteen er enig om at det er naturlig å prioritere humanitær bistand til regionen rundt Syria høyest, samtidig som en del av bevilgningsøkningen må kanaliseres til andre kriserammede områder hvor FNs nødhjelpsappeller er sterkt underfinansiert. Det gjelder ikke minst regionen rundt Sør-Sudan, Etiopia, Somalia og andre kriserammede områder i Afrika sør for Sahara samt Jemen. Komiteen mener det er viktig at Norge ved handling viser at verden ikke skal glemme andre humanitære kriseområder, selv om det er situasjonen rundt Syria og Irak som får mest internasjonal oppmerksomhet og mediedekning.

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet, Kristelig Folkeparti og Venstre, viser til at Banco

DMIRO, en bank som eies av Misjonsalliansen gjennom Alliance Microfinance AS, når ut til over 40 000 lånekunder. Banco D-MIRO ble i 2014 kåret til Ecuadors beste mikrofinansbank av Den Interamerikanske Utviklingsbanken. Dessverre ble Ecuador rammet hardt av et jordskjelv som påførte flere tusen mennesker enorme lidelser og tap av både liv og materielle verdier. Flertallet er kjent med at Banco D-MIROs eksistens er truet som følge av jordskjelvet som nylig rammet landet. Over 4 000 lånekunder kommer fra de verst rammede områdene i provinsen Manabi, og dette utgjør over 50 pst. av egenkapitalen. Banco D-MIRO står derfor overfor en enorm utfordring nå når banken vil få et betydelig tap (flere millioner USD) på låneporteføljen. Flertallet vil derfor sikre bankens videre drift og foreslår at det bevilges 14 mill. kroner til dette formålet. Inndekning skjer ved at det omdisponeres 14 mill. kroner fra kap. 163 post 70 til dette formålet under kap. 161 post 70 Næringsutvikling. Kap. 163 post 70 foreslås derved økt med 486 mill. kroner.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti viser til at det i Prop. 30 S (2016–2017) Endringer i statsbudsjettet 2016 under Justis- og beredskapsdepartementet er foreslått en reduksjon på i overkant av 1,4 mrd. kroner på grunn av at anslaget for forventet antall asylsøkere er redusert fra 25 000 til 3 550 sammenlignet med anslaget i sammenheng med revidert nasjonalbudsjett 2016. I denne proposisjonen er det foreslått å omdisponere 662 mill. kroner i hovedsak fra innsparte ODA-midler og mindre behov for kjøp av konsulenttjenester. ODA-midlene beløper seg på totalt sett 634 mill. kroner. Dette medlem foreslår derfor å omdisponere de øvrige 766 mill. kronene som er innspart i Prop. 30 S (2016–2017) til rammeområde 4 under kapittelet for humanitær bistand. Dette medlem viser til at FN nylig har bedt om 190 mrd. kroner til nødhjelp i 2017. Det har aldri vært innmeldt et tilsvarende stort behov humanitær hjelp. Å omdisponere midler som var satt av til å hjelpe flyktninger i Norge, til å hjelpe flyktninger der de er, er etter dette medlems syn, et lite, men viktig bidrag til å avhjelpe den svært akutte situasjonen. Dette medlem viser til merknad og forslag fra Sosialistisk Venstrepartis medlem i kommunalkomiteen i komiteens innstilling vedrørende Prop. 30 S (2016–2017).

3. Komiteens tilråding

Komiteens tilråding blir fremmet av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

I statsbudsjettet for 2016 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
116		Deltaking i internasjonale organisasjonar	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, vert auka med frå kr 1 551 475 000 til kr 1 690 475 000	139 000 000
150		Utviklingshjelp til Afrika	
	78	Regionløyving for Afrika, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr 2 094 640 000 til kr 2 144 640 000	50 000 000
161		Næringsutvikling	
	70	Næringsutvikling, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr 139 000 000 til kr 153 000 000	14 000 000
163		Naudhjelp, humanitær hjelp og menneskerettar	
	70	Naudhjelp og humanitær hjelp, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr 4 389 042 000 til kr 4 875 042 000	486 000 000
164		Fred, forsoning og demokrati	
	70	Fred, forsoning og demokratiltak, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr 390 900 000 til kr 392 900 000	2 000 000
165		Forsking, kompetanseheving og evaluering	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr 120 537 000 til kr 110 584 000	9 953 000
167		Flyktningtiltak i Noreg, godkjende som utviklingshjelp (ODA)	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert redusert med frå kr 7 371 607 000 til kr 6 719 560 000	652 047 000
170		FN-organisasjonar m.m.	
	76	FN og globale utfordringar, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr 223 300 000 til kr 238 300 000	15 000 000
	77	FNs aidsprogram (UNAIDS), <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr 120 000 000 til kr 140 000 000	20 000 000
	78	Bidrag andre FN-organisasjonar m.m., <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr 212 300 000 til kr 236 300 000	24 000 000
171		Multilaterale finansinstitusjonar	
	72	Strategisk samarbeid med multilaterale utviklingsbankar og finansinstitusjonar, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr 110 500 000 til kr 161 500 000	51 000 000

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 14. desember 2016

Anniken Huitfeldt

leder

Sylvi Graham

ordfører

